

Ettersending kommunestyret 27.10.16

2. tertialrapport 2016

s. 1

Månadsrapport september 2016

s. 44



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2016/1553

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

2.TERTIALRAPPORT 2016

Administrasjonen si tilråding:

1. 2. Terialrapport 2016 vert teken til vitende.
2. 1. Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)
3. 2. Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)

1 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Egedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue utgjer det som vert kalla kommunen sine frie inntekter:

| Frie inntekter | Opphavleg budsjett | Justert budsjett |
|---------------------------|--------------------|--------------------|
| Rammetilskott | 244 498 000 | 249 693 000 |
| Skatteinntekter | 2 2 524 000 | 208 643 000 |
| Sum frie inntekter | 457 022 000 | 458 336 000 |

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune har skatteinntekter på 132,05 mill kr ved utgangen av august, og er ca. 700.000 kr mindre enn det budsjetterte beløpet for same periode. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 458,3 mill kr. i 2016. Regjeringa kom med ny prognose for skatteinntektene på landsbasis ved framlegging av kommuneproposisjonen/revidert nasjonalbudsjett den 11.mai. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 458,3 mill kr ved årets slutt for Volda kommune (ca. 1,3 mill meir enn opphavleg budsjettert), og dette vart justert av kommunestyret i juni.

Regjeringa kjem med ny prognose i 6.oktober (i samband med framlegg til statsbudsjett for 2017).

Eigedomsskatt

Det vart budsjettert med 16 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Ved korrigering av budsjett 1.halvår 2016 vart dette auka til 17 mill kr.

Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2016:

| Generelle statstilskot | Budsjett 2016 | Prognose |
|-------------------------------|-------------------|-------------------|
| Integreringstilskott | 25 825 000 | 28 968 500 |
| Gr.97/investering i skulebygg | 1 311 082 | 1 132 002 |
| Omsorg | 3 144 829 | 2 962 786 |
| Kyrkjebygg | 65 309 | 50 890 |
| Sum | 30 346 220 | 33 115 178 |

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 3.143.500,- større enn opphavleg budsjettert.

Prognosen viser at dei generelle statstilskott er samla ca. 2,76 mill. kr meir enn budsjettert.

Innvandrarkontoret har laga denne prognosen for 2016:

| Busetjingsår | Sats | Tal flyktningar | Budsjett 2016 | Prognose |
|----------------------|---------|-----------------|---------------|------------|
| År 1 (2016) | 234 000 | 24 | | 5 616 000 |
| År 1 (2016) | 184 000 | 16 | | 2 944 000 |
| År 2 (2015) | 220 000 | 49 | | 10 780 000 |
| År 3 (2014) | 160 000 | 35 | | 5 600 000 |
| År 4 (2013) | 83 400 | 24 | | 2 001 600 |
| År 5 (2012) | 70 000 | 24 | | 1 680 000 |
| Familiesameinte 2016 | 184 000 | 1 | | 184 000 |

| | | | | |
|-----------------------------------|---------------|------------|-------------------|-------------------|
| Alternativ mottaksplassert | | 1 | | 162 900 |
| Ekstratilskot IT 2016 | 50 000 | | | - |
| SUM | | 172 | 25 825 000 | 28 968 500 |

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2016:

| | Budsjett 2016 |
|-------------------------------|-------------------|
| Renteutgifter (inkl startlån) | 18 073 000 |
| Avdrag | 21 500 000 |
| Sum finansutgifter | 39 573 000 |

Renteutgifter

Det er budsjettert med kr 17.273.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg).

Prognose viser at renteutgiftene er så og si identisk med kva som er budsjettert. Det er budsjettert med låneopptak på ca. 204 mill kr. Låneopptaket av dei resterande 54 mill. kr. vert truleg ikkje gjennomført før i 2017.

Minimumsavdrag

Minimumsavdraget for 2016 vart redusert frå 25 mill. kr til 21,5 mill. kr av kommunestyret i juni (korrigering av budsjett for 1.halvår 2016).

Finansinntekter

| | 2016 |
|--------------------------------|------------------|
| Renteinntekter formidlingslån | 600 000 |
| Ordinære renteinntekter | 1 500 000 |
| Utbytte Tussa | 3 000 000 |
| Verdiauke obligasjonsfond m.m. | 1 500 000 |
| Sum | 6 600 000 |

Renteinntekter

16 juni vart det gjennomført 150 mill av det vedtekene låneopptaket på over 200 mill kr. 100 mill. kr. av låneopptaket er førebels plassert på høgrentekonto.

Renteinntektene vil, ved slutten av året, være over 1 mill. kr. meir enn det budsjetterte beløpet.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av juni hadde plasseringane ein samla marknadsverdi på kr. 57.955.000, og er ei auke på kr. 1.345.000 hittil i år.

Utbytte Tussa

Volda kommune får utbytte på kr. 6.464 per aksje. Dette utgjer kr. 3.128.760 og er kr. 128.760 meir enn opphavleg budsjettet.

2 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av august. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

| Tekst | Rekneskap 31.08.2016 | Periodisert budsjett 31.08.2016 | Budsjett 2016 | Rekneskap 2015 |
|---|-------------------------|---------------------------------------|--------------------|--------------------|
| Rådmann | 1 242 449 | 1 054 943 | 1 660 059 | 1 181 405 |
| Samfunn og rådgjeving | 828 945 | 934 784 | 1 480 272 | 1 115 604 |
| Personal og løn | 3 841 452 | 4 144 762 | 6 535 879 | 3 949 298 |
| IKT | 3 569 277 | 3 343 513 | 5 121 646 | 1 772 172 |
| Innvandring | -1 982 325 | 723 113 | 1 105 927 | -2 402 603 |
| Personal og organisasjon | 5 428 403 | 8 211 388 | 12 763 452 | 3 318 867 |
| Økonomi | 4 278 780 | 4 290 201 | 6 753 769 | 4 232 181 |
| NAV Kommune | 5 854 923 | 5 438 797 | 8 158 196 | 5 814 208 |
| Stab opplæring og oppvekst | 11 065 145 | 14 647 379 | 18 745 285 | 25 287 612 |
| Helsestasjon | 3 885 880 | 3 798 744 | 5 997 443 | 2 729 572 |
| Barnehage | 21 188 339 | 23 128 518 | 36 452 709 | 18 273 446 |
| Grunnskule med SFO | 69 542 940 | 70 772 756 | 110 012 753 | 65 371 750 |
| Kulturskule | 2 180 569 | 2 243 376 | 3 256 121 | 2 076 003 |
| Volda læringscenter | 15 621 687 | 14 614 808 | 22 561 715 | 10 884 373 |
| Opplæring og oppvekst | 123 484 561 | 129 205 581 | 197 026 026 | 124 622 756 |
| Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester) | 10 246 031 | 11 947 241 | 7 424 309 | 6 236 999 |
| Sjukeheim 2. etasje | 18 042 611 | 17 282 365 | 27 157 396 | 17 689 152 |
| Sjukeheim 3. etasje | 15 834 011 | 15 396 084 | 24 175 825 | 14 933 985 |
| Heimetenester | 11 128 586 | 11 275 181 | 17 751 537 | 10 372 044 |
| Heimetenester omsorgsbustader | 21 171 279 | 20 977 279 | 32 964 008 | 21 319 556 |
| Rus og psykisk helseteneste | 11 654 998 | 9 664 304 | 15 266 006 | 10 375 130 |
| Tenesta for funksjonshemma | 8 785 021 | 6 911 632 | 11 001 316 | 7 494 637 |
| Butenesta for funksjonshemma | 19 055 730 | 19 947 086 | 31 345 201 | 18 928 319 |
| Forebygging, rehabilitering og legeteneste | 11 917 535 | 9 706 948 | 15 131 513 | 8 680 085 |
| Helse og omsorg | 127 835 802 | 123 108 120 | 182 217 111 | 116 029 906 |
| Kultur | 1 359 965 | 3 313 281 | 5 162 953 | 2 855 776 |
| Servicekontor | 3 407 127 | 3 492 379 | 5 441 764 | 3 425 062 |
| Service og kultur | 4 767 092 | 6 805 660 | 10 604 717 | 6 280 837 |
| Politisk verksemd | 1 781 460 | 1 784 854 | 2 695 392 | 1 831 225 |
| Drift og anlegg | 9 453 058 | 7 727 672 | 9 943 106 | 7 381 396 |
| Brann | 5 028 975 | 5 083 503 | 7 306 154 | 3 912 001 |
| Eigedom | 7 636 399 | 8 997 992 | 13 914 169 | 6 331 219 |
| Teknisk | 22 118 431 | 21 809 167 | 31 163 429 | 17 624 616 |
| Sjølvcosttenester | -515 106 | -548 300 | 0 | -358 176 |
| Plan | 1 708 445 | 2 130 394 | 3 324 205 | 1 160 574 |
| Landbruk | 899 288 | 875 434 | 1 313 151 | 877 752 |
| Kart, oppmåling og byggesak | 1 047 915 | 787 241 | 1 371 774 | 1 242 532 |
| Utvikling | 3 655 648 | 3 793 070 | 6 009 130 | 3 280 858 |
| Barnevern | 13 477 852 | 10 854 587 | 18 539 580 | 22 070 355 |
| SUM SEKTORANE | 314 239 239 | 316 742 852 | 479 071 133 | 307 044 642 |

| Tekst | Rekneskap 31.08.2016 | Periodisert budsjett 31.08.2016 | Budsjett 2016 | Rekneskap 2015 |
|--|-------------------------|---------------------------------------|---------------|----------------|
| Felles utgifter og inntekter | 1 113 204 | -2 663 153 | -2 688 230 | -443 697 |
| Sum inkludert felles utgifter og inntekter | 315 352 443 | 314 079 699 | 476 382 903 | 306 600 945 |
| Finansområdet, statstilskott, frie inntekter | -323 854 534 | -322 197 562 | -476 382 903 | -305 984 059 |
| Sum heile kommunen | -8 502 091 | -8 117 863 | 0 | 616 886 |

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av august.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av august.
- Kolonne 3 viser budsjettet for heile året (2016).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2015.

Sektorane har ved utgangen av august eit forbruk på kr. **314.239.239** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **316.742.852** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 2,5 mill. kroner under budsjettet forbruk ved utgangen av august.

Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag **1.270.000** kroner meir enn budsjettet ved utgangen av august.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av august har ei netto inntekt på kr. **8.502.091**. Dette er omlag 385.000 kr meir enn budsjettet for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

Personal og organisasjon

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året

Økonomistaben

Staben ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Opplæring og oppvekst

Basert på tertialrapporten for august 2016, reknar Opplæring og oppvekst med eit mindreforbruk på kring kr 1.500.000,- ved utgangen av året.

Sektoren har større utgifter enn budsjettet på styrka tiltak i barnehagane. Auka kompetanse i å avdekke vanskar tidleg kan vere medverkande til dette, samt auka fokus på tidleg innsats.

Grunna nedlegging av Bjørkedal nærskule, må drifta ved Folkestad skule aukast hausten 2016. Auken i drifta her vert å dekke innanfor sektoren si tildelte ramme.

Det venta mindreforbruket skuldast større inntekter enn budsjettet.

Helse og omsorg

Forbruket ved utgangen av august er ca. 4,7 mill kr meir enn periodisert budsjett. Sektoren burde hatt eit forbruk mindre enn periodisert budsjett, ettersom det er vedtekne tiltak på driftsbudsjettet for 2016 som enno ikkje er sett i verk. Sektoren reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

"Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr.31.august.

| Tenesteområde | Meirforbruk | Mindreforbruk |
|--|--------------------|----------------------|
| Stab og service | | 2.428.000,- |
| Institusjonsteneste 2.etg | 760.000,- | |
| Institusjonsteneste 3.etg | 438.000,- | |
| Sentralkjøkken | 727.000,- | |
| Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd | | 147.000,- |
| Heimetenester, omsorgsbustader | 194.000,- | |
| Rus- og psykisk helseteneste | 1.991.000,- | |
| Hamna Dagsenter | 1.021.000,- | |
| Avlastingsteneste barn og unge | 853.000,- | |
| Buteneste for funksjonshemma | | 892.000,- |
| Førebygging, rehabilitering og legeteneste | 2.210.000,- | |
| Samla | 7.467.000,- | 2.740.000,- |
| Differanse | 4.727.000,- | |

Mange av tenestene har forventet inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav pr 8 mnd er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.

| Tenesteområde | SUM |
|------------------------------|-------------|
| Felles kommuneoverlege: | 500.000,- |
| Førebygging, rehab, legeten. | 2.126.000,- |
| Hamna Dagsenter | 820.000,- |
| Styrk | 340.000,- |
| Butenesta for funksjonshemma | 640.000,- |
| Samla | 4.426.000,- |

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- *Stab og service:* Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Grunnen til mindreforbruket er av rekneskapsmessig art. Variabel løn for desember 2015 vert belasta jan.2016. For at dette skal verte korrekt, er tilsvarende beløp ført som inntekt. Tidleg på året vil effekten av dette vere stor, men jamnar seg til fleire månader som går.
- *Institusjonsteneste:* 2 etg: Pga uro og behov for skjerming, er det på ettermiddag og D-vakt i helgane vert det ofte leigd inn ein ekstra person. I 3 etg har det vore jamn

eksstrainnleige på ein ressurskrevjande person, stundom ekstrinnleige pga avlastning i ekstrarom og terminalfase for pasient. Det har utløyst overtid pga manglande fagdekning ved sjukdom. Ei bugruppe har vore særleg tung ei lang periode då 8 av 9 har hatt behov for mating. Tidleg sommar ekstra på natt pga uroleg pasient.

- Sentralkjøkkenet: Utgiftssida ved drifta av sentralkjøkkenet balanserer i høve budsjettet. Meirforbruket kjem i all hovudsak av at inntekter ikkje er ajourførte.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: ca. 400.000,- vart gitt i tilskot frå helsedir. for tilrettelegging av fleire dagaktivitetsplassar for heimebuande demente. Ein del av desse midlane har vorte brukte. Driftsmessig har heimetenestene hatt eit godt og stabilt år så langt. Til tross for at dei fekk overført 75% stilling frå Mork tidleg i år, og har hatt lønsutgiftene utan at løn er overført, har dei likevel totalt eit mindreforbruk. God planlegging og kompetanse gir resultat.
- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Eininga gjekk frå mindreforbruk så langt i år til eit meirforbruk no. Under innføring av nytt sjukesignalanlegg vart det ekstrinnleige av nattevakt nesten ein måned på Fjordsyn. Dette genererte også noko forskyving og overtidsbruk. Det har vore omrokkingar med 2 årsverk nedbemanning på Mork bustader (pga redusert tal bebuarar), der både heimetenestene, frivilligkoordinatorar, demensteam og Fjordsyn vart styrka/ etablert.
- Rus- og psykisk helseteneste: Truleg vil tenesta få inn meir inntekter enn det som er ført tabellen på side 1 for Styrk. Det vert nok eit lite meirforbruk på det døgnbemanna butilbodet. I tillegg til dei 13 kommunale omsorgsbustadane, yter dei pr. dato hjelp til 8 andre personar.
- Hamna Dagsenter: Korrigerert refusjon frå Ørsta ville nesten gitt balanse.
- Avlastingsteneste for barn og unge. Oppstart barnebustad nr. 2 frå 01.08.2016. Etterspurnaden etter tenesta har variert mykje gjennom året. Behovet for personell blir vurdert fortløpande, då mange forhold påverkar bemanningsbehovet. Denne eininga vil ikkje vere i balanse ved årsslutt.
- Buteneste for funksjonshemma: Vart styrka til 2016 og har no mindreforbruk. Det er likevel sett fokus på variabel løn som eininga må jobbe med for å unngå. Ofiast handlar det om mangel på vikar som utløyer dyre innleigeløysingar.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattlegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. I tabell to viser ein manglande refusjonar på to av områda i denne eininga. Dette gir samla eit anna bilete av stoda så langt

Rekneskapsmessig har trenden så langt i år i nesten heile sektoren har vore god, såleis vart det eit skifte ved utgang august. Fleire einingar gjekk frå plusstal utgang juni til meirforbruk utgang august. Forbruk ferievikar er ei årsak, men ikkje den einaste. Til lenger ut i året ein kjem, til større utslag vil manglande refusjonar gi. På andre områder kan store kvartalsvise innbetalingar gi høgt forbruk som vil jamne seg når fleire månader har passert. Etter åtte månader har sektoren eit meirforbruk, så hausten vert spanande og viktig for å unngå same resultat ved årsslutt."

Service og kultur

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Teknisk

Teknisk sektor ventar å være på budsjett ved årets slutt i høve revidert budsjett.

Utvikling

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Barnevernstenesta

Slik stoda er no i tenesta/talet på barn med tiltak, ligg ein innafor budsjetttramma.

NAV

Ørsta kommune drifter NAV på vegne av Volda kommune, og ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Fellesområdet

Det er budsjettert med ca 13,7 mill kr i årets premieavvik for 2016. Dette vert ført som ei inntekt i året det oppstår. KLP si prognose utarbeidd i september indikerer at premieavviket vert ca 10 mill kr mindre enn budsjettert. Prognosen for innbetaling er også ca. 10 mill kr mindre enn budsjettert, så det vert samla sett ingen forventta resultateffekt. Ein kjem tilbake til dette ved korrigerings av budsjett for 2. halvår 2016.

3 OPPSUMMERING

Her er ei kort oppsummering av driftssida ved utgangen av juni:

Frie inntekter

Regjeringa kjem med ny prognose 6.oktober (i samband med framlegg til statsbudsjett for 2017).

Generelle statstilskot

Prognosen for generelle statstilskott viser ca. 2,75 mill. kr. meir enn det som var opphavelig budsjettert.

Eigedomsskatt

Det vart budsjettert med 16 mill. kr i inntekt frå eigedomsskatt. Ved korrigering av budsjett 1.halvår 2016 vart dette auka til 17 mill. kr.

Finans

Renteprognosen for renteutgifter er neste likt det beløpet som var opphavelig budsjettert. Minimumsavdraget for 2016 vart redusert frå 25 mill. kr til 21,5 mill. kr av kommunestyret i juni (korrigering av budsjett for 1.halvår 2016).

Renteinntektene viser seg til å være ca. 1 mill. kr. meir enn det budsjetterte beløpet ved årets slutt.

Sektorane

Teknisk samt Opplæring og oppvekst fekk auka sine budsjettertrammer ved korrigering av budsjett for 1.halvår 2016. En forventar dermed ikkje noko negativt avvik ved slutten av året. Sektoren Opplæring og oppvekst har, ved utgangen av august, eit mindreforbruk på ca. 1,5 mill. kr.

4 INVESTERINGAR

Verd utgangen av 2.tertial er det utgiftsført for ca. 118,2 mill kr på investeringsrekneskapen. Det er budsjettert med ca 321 mill kr (inkludert ubrukte løyvingar frå tidlegare år).

82,5 mill kr av forbruket ved utgangen av 2.tertial gjeld bygging av ny Øyra skule. 8 mill kr er knytt til investeringar på sjølvkostområda.

Tabellen under inneheld kommentarar frå Teknisk sektor på nokre av investeringsprosjekta:

| Prosjektnr | Prosjektnamn | Kommentar |
|----------------|---|---|
| Teknisk | | |
| 701504 | Skulebakken Haugen Lauvstad | Skulebakken er no ferdig prosjektert, og estimat på kostnader frå konsulent, tyder på at gjennomføring av prosjektet vil koste ca 6 millionar, noko som ligg mykje høgare enn løyvingane i økonomiplan 2016-19 |
| 701102 | Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn | Prosjektet er ferdig prosjektert, utlyst og tilbod har kome inn. Prosjektet vert ca 3 gonger så kostbart som det er spelt inn til økonomiplan tidlegare. Detaljar kjem fram i eiga sak om fullfinansiering til formannskap og kommunestyre i september 2016.09.19 |
| 701200 | Næringsområde Øvre Rotset | Dette prosjektet vert prioritert utover hausten, med prosjektering og utlysing. Forventa byggestart er våren 2017. |
| 700903 | Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket | Asplan Viak prosjekterer per dags dato det nye tilbygget. Planlagt byggestart hausten 2016 |
| 701511 | Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing | Etter utlysning via Regionrådet har Volda kommune inngått avtale med Mørenett om utskifting av 1200 lysarmatur til LED over 3 år. 350 armaturer skal skiftast hausten 2016. |
| Eigedom | | |
| 501501 | Omsorgsbustadar Doktorhaugen | Prosjektet er forsinka grunna omregulering av området. Prosessen vidare vil være avhengig av dette |
| 500908 | Volda ungdomsskule | Dette er eit stort prosjekt som krev større planarbeid og avsetting av prosjektleiar til å gjennomføre prosjektet. Det er innhenta brannteknisk analyse som må ligge til grunn for gjennomføring av tiltak. Det er tilrådd at heile bygget blir renovert samstundes. Avsett midlar vil ikkje være tilstrekkelig, ein vil først ved detaljplanlegging utlysing få oversikt over kostnad. |
| 501604 | ROP bustadar | Tilbudsfrist 19.09.2016, ein vonar å komme i gang med arbeidet i løpet av oktober 2016. |

Teknisk sektor har redusert kapasitet, og greier ikkje å gjennomføre alle prosjekt som er budsjettert i 2016. Prosjekt som etter prosjektering og anbod kan verte dyrare enn budsjettert vil det verte lagt fram eigne saker om prioritering og finansiering. Prioritering må også vurderast ut frå realistisk gjennomføring og prosjektet sitt omfang og konsekvensar for andre

rekkefølgetiltak. Dette kan resultere behov for aksept for å utsetje mindre prosjekt, og at Skulebakken på Lauvstad vert utsett til 2017.

Helse og omsorg har desse kommentarane til sine investeringsprosjekt:

| Prosjektnummer | Namn | Status |
|----------------|------------------------------------|---|
| 461400 | Utskifting av fatvaskarar | Har starta gradvis utskifting, 2 er skifta, to er bestilt. |
| 461401 | Buss | Utskifting av raudebussen. Administrasjonen har hatt begrensa kapasitet til å jobbe vidare med denne anskaffinga. Kravspesifikasjon er klar. Innkjøpsavdelinga i Ålesund har vore førespurt om hjelp til anskaffinga, men dei kan ikkje hjelpe og kjenner heller ikkje til andre som har gjort slik anskaffing. Ein har behov for ekstern innkjøpskompetanse for anskaffinga. |
| 501404 | Utskifting av alarmanlegg | Nytt pasientvarslingsanlegg er montert på omsorgssenteret, Fjordsyn og Barstadtun. Pga Folketadtun og Mork bustader. |
| 461200 | Kombidamparar på avdelingskjøkkena | Det er skifta 4 damparar. Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å køyre ei innkjøpskonkurranse på dette. |
| 461300 | Handstyrte terminalar | Heimetenestene har tatt dette i bruk, no står rus- og psykisk helseteneste for tur. Behov for innkjøp av fleire terminalar. |
| 461601 | Elektromedisinsk utstyr | Har kjøpt inn både sengar, heismotorar, O2- konsentrator og anna viktig utstyr. |
| 461602 | Bilar Styrk arbeid | Har kjøpt inn to brukte bilar, bae med 7 seter. Ein Nissan Pathfinder og ein VW Toruran. Den eine bilen vert nytta i helgane og kveldane av anna eining med bilbehov då. |

Forbruket på investeringsrekneskapen (sortert på prosjekt) ved utgangen av 2.tertial er med som trykt vedlegg til saka (budsjettskjema 2B). Kommunestyret vedtok 26 mai at ubrukte løyvingar i 2015 skal overførast til 2016. I budsjettkolonnen i vedlegget er desse tala med.

5 SJUKEFRÅVER

| Sektor | Fråvæ i % 2. tertial 2015 | Fråver i % heile året 2015 | Fråver i % 2. tertial 2016 |
|-------------------------------|---------------------------------|----------------------------------|----------------------------------|
| Rådmannen (11) | 1,81 | 1,19 | 0 |
| Samfunn og rådgjeving (12) | 0,26 | 2,99 | 28,49 |
| Personal og organisasjon (13) | 6,62 | 8,53 | 3,05 |
| Økonomi (14) | 5,52 | 5,14 | 5,26 |
| Opplæring og oppvekst (20) | 6,72 | 6,73 | 6,79 |
| Helse og omsorg (30) | 11,64 | 11,08 | 9,10 |
| Service og kultur (40) | 4,76 | 3,87 | 4,93 |
| Teknisk (50) | 9,45 | 9,18 | 10,14 |
| Sjølvkosttenester (51) | 0,36 | 3,22 | 4,15 |
| Utvikling (60) | 8,96 | 8,81 | 1,87 |
| Barnevernstenesta (70) | 10,70 | 9,87 | 8,62 |
| Heile kommunen | 8,92 | 8,62 | 7,84 |

Sjukefråveret viser ein nedgang 2. tertial i år samanlikna med 2. tertial ifjor. Også viss vi samanliknar med heile året 2015 så er det nedgang. Det kan difor sjå ut som at det å ha fokus på sjukefråveret, det gir resultat.

Fråveret på arbeidsplassar med få tilsette gjev store utslag. Nokre sektorar er meir utsette enn andre med omsyn til kva arbeid som blir utført. Men totalt sett er det svært positivt at fråveret viser nedgang.

For året 2016 så var det sett eit mål om nærver på 92%. Ut frå dei tala vi no har så ser det ut som at målet kan bli nådd. Rett nok så er det vinterhalvåret som oftast viser større sjukefråver enn på våren og sommaren, men med 7,84% sjukefråver pr. 31.08.16 så er det ikkje urealistisk å vente at målet på 8% blir nådd.

Det er sett spesifikke måltal for dei ulike sektorane + dei to støtteavdelingane:








| Helse/omso rg | Opplæring og oppvekst | Service og kultur | Teknisk | Utvikli ng | Barnevern s-tenesta | Økono mi | Personal/ organisasj on |
|------------------|-----------------------------|--------------------------|---------|---------------|------------------------|-------------|-------------------------------|
| 90 % | 10 % red i høve 2015 | Ikkje definert mål | 95 % | 95 % | 90 % | 93,1 | Ikkje definert mål |






Det har store konsekvensar å ha høgt sjukefråvæ så det er gledeleg at vi ser resultat av å jobbe med arbeidsmiljøet og få ned sjukefråvert. Auka nærver vil avgjort ha positive verknader for arbeidsmiljøet og helsa til ein skilde medarbeidar.

Det er framleis viktig å ha tydeleg fokus på oppfølging av tilsette som er sjukmelde utover 17 dagar, då det er her hovudtyngda på fråveret er. Rådmannen har tru på at førebygging og målretta arbeid med oppfølging av sjukmelde vil gje synlege resultat i tida som kjem.










6 RAPPORTERING PÅ MÅL

Personal og organisasjon












| MÅL 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| IKT Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter. |  | IKT opplever stort arbeidspress p.g.a. lita bemanning |
| IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte |  | |
| Innvandring Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDI |  | Vedtak i k-sak 4/16 om å busetje 28 flyktningar i 2016. Einslege mindreårige (EM) kjem i tillegg. K-sak om busetjing av EM skal handsamast medio 2016. Pr. 23.05.16 er det søkt ut/buset 15 flyktningar i Volda, derav 1 EM med slekt i kommunen. |
| 50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing |  | 22 av 32 vaksne/familiar vart busett direkte på den private bustadmarknaden, og det vart nytta 6 kommunale bustader til busetjing i 2015. Arbeidet med gjennomstrøyming i kommunale bustader er godt i gang, og fleire har overgang frå kommunal til privat bustad. |
| 30 % av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing |  | Grunna høge bustadprisar er terskelen høg for å kome i posisjon til å kjøpe eigen bustad. Arbeidet med sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar og gjennomstrøyming i kommunale bustader har resultert i at nokre har kjøpt eigen bustad. |
| Løn og personal Administrere gjennomføring av medarbeidarundersøking |  | Medarbeidarundersøking er planlagt på nyåret 2017 |
| Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar |  | Prosedyrar for tilsetjing er revidert, og rutinar for intern utlysning er under revisjon. Volda kommune får mange søkjarar til dei fleste stillingar og framstår som ein attraktiv arbeidsgjevar. |









| | | |
|---|---|---|
| Sjukefråværsoppfølging som fremjar nærvær |  | Rutinane er under revisjon. Det skal igangsettast internopplæring på tema, samt eit særskilt opplegg for leiarar i Helse- og omsorg. |
| Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål |  | Personalavdelinga har høg kompetanse på dei fleste område. |
| Korrekte tenester til rett tid |  | Personalavdelinga har vore underbemanna i periodar, men opplever å levere tenester innan rimeleg tid. |
| Initiere og gjennomføre utviklings- og omstillingsprosjekt for å effektivisere tenesteproduksjonen og auke kvaliteten |  | Vi er godt i gang med fleire prosessar, t.d verdiprosess, arbeidsgjevarstrategi, internopplæring. Personalreglementet er under revisjon, og rutinar på nye område er under utarbeiding. |
| Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare systemansvarleg funksjon, gjennomgang av rutinar og organisering av opplæring) |  | Implementering av systemet er ikkje fullført, og tema må stå kontinuerleg på dagsorden for å halde systemet vedlike. |

Økonomistaben















| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|--|---|--|
| Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk |  | |
| Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav |  | |
| Betale fakturaer til rett tid |  | Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen |
| Økonomireglement som gir god internkontroll |  | |
| Sektorane oppleve god støtte og opplæring |  | Evaluering frå sektorane |
| Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status |  | Det er vedteke at Volda og Hornidal kommunar skal slå seg samman. Når Stortinget har bekrefta dette hausten 2017, så vil utarbeiding av økonomireglement/rutinar for den nye kommunen vere ein del av samanslåingsprosessen fram mot 2020. |
| Nærver min 93,1 % |  | |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette |  | Medarbeidarsamtale vil skje hausten 2016 og våren 2017. |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak |  | |






Opplæring og oppvekst

| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|--|---|---|
| Barnehageplassar til alle, også til dei som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass. |  | |
| Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert. |  | Heimesidene har framleis utviklingspotensiale |
| Gjennomføre fire tilsyn etter barnehagelova. |  | Er i gong med dette |
| Oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte tidleg ved hjelp av kompetanseheving. |  | Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som, Tidleg inn, Volda prosjektet og Zippys venner. Registrere antal barn som får særskilt oppfølging/tiltak gjennom året. |
| 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane |  | Målet er nådd |
| Gjennom formaliserte prosedyrar sikre ein god overgang mellom barnehage og skule. |  | Gode prosedyrar er utarbeidd |
| Redusere sjukefråværet med 10 % |  | Trass iherdig innsats har fråværet i barnehagane bite seg fast på eit for høgt nivå. Blir arbeidd målretta med dette. |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter oppsett plan. |  | |
| Grunnskulepoeng og resultatata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet. |  | Grunnskulepoenga er høgare og dei fleste eksamensresultata |
| Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med sist skuleår. | | Kan ikkje rapportere før seinhausten |
| Voldaskulen skal syne framgang i rekning på dei nasjonale prøvene samanlikna med 2015. | | Kan ikkje rapportere før seinhausten |
| Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervisning. |  | |
| Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar opp under den språklege og sosiale utviklinga til elevane. |  | Kanskje særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein viktig arena med omsyn til språkleg utvikling. |

| | | |
|--|---|---------------------------------------|
| 60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program. |  | |
| Alle einslege mindreårige flyktingar skal gå ut med grunnskuleeksamen som kvalifiserer til vidaregåande skulegang og utdanning. |  | Ein elev nådde ikkje målet |
| Etablere/vidareføre gruppetilbod <ul style="list-style-type: none"> ✓ Etablere barselgrupper til ei permanent ordning ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Etablere grupper for barn som opplever skilsmisse – ei gruppe i 2016 |  | |
| Styrke innbyggjarane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar. |  | |
| Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje. |  | |
| Rekruttere kommunepsykolog |  | Psykologen starta etter påske |
| Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta |  | Dette arbeidet er i startfasen |
| Utarbeide oppvekstplan for sektoren |  | Arbeidet er sett i gong |







Utvikling

| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|--|
| | | |
| Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging |  | Høyt fokus |
| Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak |  | |
| Følgje opp plan for idretts- og friluftsliv gjennom spelemiddelsøknadar |  | Er gjort i vår og ein ny runde no i haust |
| Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen |  | |
| Halde den økonomiske ramma |  | |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette |  | |
| Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova |  | |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak |  | |
| Nærver 95 % |  | |
| Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome |  | |
| Rett kompetanse i alle stillingar |  | |
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk |  | |
| Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova |  | |
| Forbetre innhald og struktur på heimesida |  | Det er forbetra noko, men framleis under arbeid. |











| | | |
|--|---|--|
| Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor |  | Ikkje kome skikkeleg i gong enno, men har eit mål om å få dette betre i løpet av året. |
| Revidere den kommunale planstrategien |  | Proessen er godt i gang |
| Ferdigstille kommuneplanen sin samfunnsdel |  | |
| Starte opp revisjon av kommuneplanen sin arealdel |  | Proessen er godt i gang. |
| Landbrukskontoret delta på planmøta i Volda kommune |  | |

Helse og omsorg













| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|--|----------|--|
| Medarbeidersamtale med alle fast tilsette | | Helse- og omsorg har relativt store tenesteområder med mange små stillingar, slik at det vert ulike tidsinterval og måtar å gjennomføre samtalar på. <i>Vil vere ein kontinuerleg prosess som aldri vert ferdig.</i> |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak 1. Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste 2015. 2. Omorganisering i heimetenestene med endra driftseiningar og implementering av handhålte terminalar og aktiv bruk av Gerica gir auka ATA(ansikt til ansikt tid). | | 1. Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverktøy. <i>Den er implementert, måldelen er ikkje tilstrekkeleg utarbeidd endå.</i> 2. Bruke eksisterande teknologi til måling av ATA, både i heimetenestene og i døgnbemanna omsorgsbuster for eldre. <i>Teknologien er ikkje heilt på plass endå, i omsorgsbustad vil nye pasientvarslingsanlegget logge når ein er inne hjå brukar, men ikkje brukarkontakt i fellesrom.</i> |
| Nærvær på 90 % | | Nærværprosent pr. august 2016 er 91,08 % <i>Samla sjukefråvær i Helse og Omsorg jan – august var på 8,92.</i> |
| Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren. | | Månadleg rapportering frå leiar til økonomiansvarleg med oppfølging av avvik frå økonomiansvarleg. Tett dialog og godkjenning frå leiing ved evt. ekstrabehov utover tildelt ramme. Fokus på økonomi/budsjett på leiarmøte kontinuerleg. <i>Gode rutiner etablert. Meldingar om situasjon som krev innleige vert meldt.</i> |
| Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå. | | Rett teneste på rett nivå Standardardar vert forankra i kommunestyre. <i>Lik sakshandsaming innført, standardar ikkje forankra i Kstyret.</i> |
| Aktiv omsorg og frivillig koordinering Deltaking i kulturelle aktivitetar. | | Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane. Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk. Kartlegging tre gongar i 2016, januar, august og november. <i>Tofritidskoordinatorar er tilsett, forebels med 20% kvar. Desse vil få viktig og koordinerande funksjon for frivillig arbeid inn mot tenesteområda.</i> |
| Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus | | <i>Til tross for marginal situasjon har vi fortsatt klart å unngå betalingsdøgn på sjukehuset.</i> |






| | | |
|---|---|--|
| Prosjekt 600900 | Skatepark (ga) | 0 | 0 | 0 | 11 390 |
| Sum: 40 Service og kultur | | 219 865 | 363 971 | 300 000 | 11 390 |
| Sektor Teknisk: | | | | | |
| | Volda rådhus, brann - reinsing og andre driftsutgifter (jbc) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 121502 | Nødstrømsaggregat | 99 438 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 131500 | Volda rådhus - Inventar (GAR) | 116 878 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 500908 | Volda u-skule, opprusting | 184 972 | 1 216 871 | 0 | 137 518 |
| Prosjekt 501002 | Skular, spelemiddeltiltak (ki) | 0 | 357 180 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501004 | Ny Øyra skule (ki) | 82 568 285 | 162 122 296 | 162 500 000 | 8 449 240 |
| | Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader (ki) | 0 | 200 000 | 200 000 | 0 |
| | Fjordsyn, opparbeiding/opprusting av uteområde (ki) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501109 | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501200 | Varmepumpe omsorgssenteret | 0 | 0 | 0 | 14 262 |
| Prosjekt 501201 | Ombygging Folkestadun | 2 392 | 1 627 631 | 0 | 50 775 |
| Prosjekt 501205 | Bratteberg skule, byggetiltak (ki) | 0 | 0 | 0 | 102 825 |
| Prosjekt 501300 | Dusj/garderobe Voldahallen | 0 | 823 309 | 0 | 34 407 |
| Prosjekt 501301 | nytt branndepot Dravlaus | 69 751 | 70 000 | 0 | 83 466 |
| | Bygging av midlertidige husvære - ved Maurtua | 38 486 | 464 376 | 0 | 16 980 |
| Prosjekt 501303 | ENØK tiltak (i henhold til klimaplanen) | 44 612 | 635 018 | 0 | 122 615 |
| Prosjekt 501304 | Ombygging ny brannstasjon | 35 008 | 0 | 0 | 125 273 |

| Tall i | | Regnskap 2016 | Regulert budsjett 2016 | Opprinnelig budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
|------------------|---|---------------|------------------------|---------------------------|---------------|
| 1 kr | Prosjekt | | | | |
| Prosjekt 501305 | Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging | 0 | 3 332 876 | 0 | 6 413 804 |
| Prosjekt 501312 | Brannskade Røyslidvegen 11A, forsikringsakk (ki) | 90 918 | 141 392 | 0 | -31 069 |
| Prosjekt 501315 | Mork skule, leikeapparat (ki) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501353 | Øyra skule (kmr) | 0 | 0 | 0 | 9 349 |
| Prosjekt 501394 | Brannstasjon/FDV-avdeling Gjersdalsbygget (kmr) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501401 | Energimerking kommunale bygg | 689 050 | 1 829 134 | 500 000 | 157 609 |
| Prosjekt 501402 | Samfunnshuset - takteking (KMR) | 0 | 1 673 816 | 0 | 18 375 |
| Prosjekt 501403 | Omsorgssenteret - takteking (KMR) | 13 634 | 1 000 000 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501404 | Alarmanlegg Omsorgssenteret (KMR) | 0 | 0 | 0 | 17 211 |
| Prosjekt 501405 | Forprosjekt Campus Høgskulen | 0 | 100 000 | 0 | 14 668 |
| Prosjekt 501406 | Rådhus 2. etasje, ombygging (amf) | 109 021 | 992 482 | 0 | 4 445 746 |
| Prosjekt 501409 | Kyrkja i postlokala - ombygging/tilpassing av lokalet ((KMR) | 0 | 0 | 0 | 2 373 875 |
| Prosjekt 501410 | Omsorgssenteret - renovering varmeanlegg (KMR) | 32 941 | 679 488 | 0 | 95 676 |
| Prosjekt 501411 | Fjordsyn - renovering varmeanlegg (KMR) | 0 | 701 946 | 0 | 73 219 |
| Prosjekt 501500 | Oppgradering Mork/Nilletun | 241 313 | 962 923 | 500 000 | 117 301 |
| Prosjekt 501501 | Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen | 244 527 | 14 653 386 | 13 000 000 | 0 |
| Prosjekt 501504 | Lyskjelder kinosal | 0 | 486 743 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501505 | Bilar i høve omorganisering driftt./vaktmeister | 0 | 0 | 0 | 211 100 |
| Prosjekt 501506 | Maurtua/gamle gymnas - takteking | 0 | 1 600 000 | 0 | 12 500 |
| Prosjekt 501507 | Rehabilitering av personheis Ivar Aasenbygget HVO (KMR) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501508 | Voldahallen - tilstand, rehabilitering, nybygg (KMR) | 356 459 | 1 200 000 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501509 | Bustad Kleppevegen (KMR) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501510 | Bustad Smalebakken (KMR) | 101 683 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501511 | Bustad Torvmyrvegen 7 (KMR) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501512 | Legesenteret, kontorplass turnuslege(KMR) | 713 651 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501513 | Sal av Innselset gamle skule (kmr) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 501600 | Volda omsorgsenter automatisk dørråpner | 0 | 300 000 | 300 000 | 0 |
| Prosjekt 501601 | Fjordsyn - Fellesareal barn | 0 | 200 000 | 200 000 | 0 |
| Prosjekt 501602 | Etablere FDV/ombygging FDV avdeling | 452 085 | 800 000 | 800 000 | 0 |
| Prosjekt 501603 | Leikeklassar (skular/barnehagar) ROP (rus og psykisk helse) 7 stk | 0 | 200 000 | 200 000 | 0 |
| Prosjekt 501604 | midl.bustadar | 366 437 | 12 000 000 | 12 000 000 | 0 |
| Prosjekt 501605 | EPC gjennomføringstiltak | 3 182 | 25 000 000 | 25 000 000 | 0 |
| Prosjekt 501606 | Mork skule - kapasitetsutviding | 0 | 2 000 000 | 2 000 000 | 0 |
| Prosjekt 501608 | Oppgradering kommunale bygg | 419 785 | 4 000 000 | 4 000 000 | 0 |
| Prosjekt 501609 | Oppgradering klasserom | 133 591 | 150 000 | 150 000 | 0 |
| Prosjekt 501610 | 4.etasje omsorgsenteret | 0 | 200 000 | 200 000 | 0 |
| Prosjekt 700903 | Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket | 239 086 | 750 656 | 0 | 0 |
| Prosjekt 700904 | Engeset/Klepp, 3. byggesteg | 755 014 | 871 760 | 0 | 0 |
| Prosjekt 700905 | Bustadfelt Bratteberg | 613 422 | 0 | 0 | 6 200 |
| Prosjekt 700906 | Diverse bustadfelt sentrum | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 700919 | Kommunale vegar, utbetring (aaa) | 1 768 645 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 158 894 |
| Prosjekt 700920 | Trafikktrygging og miljøtiltak (aaa) | 28 411 | 0 | 0 | 169 876 |
| Prosjekt 700923 | Gatelys, utskifting PCB-armatur | 0 | 0 | 0 | 123 939 |
| Prosjekt 701000 | Gatemiljøtiltak (aaa) | 0 | 1 456 166 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701001 | Friluftslivstiltak (rt) | 390 767 | 1 092 208 | 333 000 | 243 297 |
| Prosjekt 701004 | Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra (aaa) | 0 | 3 910 933 | 3 000 000 | 0 |
| Prosjekt 701102 | Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa) - Botnavegen | 616 960 | 3 245 753 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701103 | Turveg Rotevatnet (aaa) | 38 238 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701200 | Næringsområde Øvre Rotset | 3 869 | 4 016 319 | 4 000 000 | 57 160 |
| Prosjekt 701202 | Bustadfelt på bygdene | 0 | 0 | 0 | 17 500 |
| Prosjekt 701204 | Veg bak Uppheim til Storgata | 0 | 0 | 0 | 57 375 |
| Prosjekt 701300 | Kommunal del sentrumsutvikling | 144 196 | 842 311 | 0 | 616 853 |
| Prosjekt 701300A | Myldreområde i rådhusparken(T.Stensø) | 846 957 | 143 750 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701301 | Utbygging felt Bratteberg | 0 | 639 253 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701302 | Køytretøy (utskifting av 1993-modell) | 0 | 0 | 0 | 99 764 |
| Prosjekt 701303 | Plentraktor | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701400 | Vikeneset og Mork Silanlegg (AAAS) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701401 | Utbygging bustadfelt K 10, Klepp | 4 263 113 | 3 993 002 | 0 | 495 664 |
| Prosjekt 701402 | Arbeidsbil/kombibil 5-seters 4WD | 0 | 218 681 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701403 | Kyrkjegardsgravar | 0 | 41 250 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701404 | Bustadfelt Myragjerdet - utbyggingsavtale | 28 309 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701405 | Sambindingsveg over Håmyra | 156 845 | 4 488 350 | 0 | 46 274 |
| Prosjekt 701406 | Lerkane - Storgata, veg og rundkøyning | 140 803 | -3 356 856 | 0 | 3 991 740 |
| Prosjekt 701408 | Turveg Flommen gbnr 18/186 (rto) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701409 | VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen (rt) | 0 | 0 | 0 | 137 906 |

| Tall i | | Regulert budsjett | | Opprinnelig | |
|--|---|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|
| 1 kr | Prosjekt | Regnskap 2016 | 2016 | budsjett 2016 | Regnskap 2015 |
| Prosjekt 701450 | Dagmar-reparasjon 2014 (rt) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701504 | Skulebakken Haugen Lauvstad | 142 301 | 700 000 | 200 000 | 0 |
| Prosjekt 701507 | Plentraktor (2015) | 0 | 34 375 | 0 | 140 625 |
| Prosjekt 701508 | Flomsikring Volda sentrum Melshornsida | 44 957 | 1 000 000 | 1 000 000 | 0 |
| Prosjekt 701509 | Veghøvel (2015) | 0 | 200 000 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701510 | Vaktbil Teknisk vakt (2015) | 0 | 0 | 0 | 465 664 |
| Prosjekt 701511 | Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing | 371 581 | 2 692 472 | 2 200 000 | 17 000 |
| Prosjekt 701512 | Fast dekke kommunale vegar | 0 | 2 806 | 0 | 4 576 774 |
| Prosjekt 701514 | Hjullastar (2015) (rto) | 2 542 904 | 2 509 163 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701516 | Bustadfelt Gôtene, Lid (rto) | 0 | 0 | 0 | 67 200 |
| Prosjekt 701600 | Flomførebygging Heltneelva | 0 | 2 000 000 | 2 000 000 | 0 |
| Prosjekt 701601 | Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift | 203 856 | 1 500 000 | 1 500 000 | 0 |
| Prosjekt 701602 | Kommunal andel Volda Idrætspark | 0 | 250 000 | 250 000 | 0 |
| Prosjekt 701603 | Maskiner til parkdrift | 100 197 | 150 000 | 150 000 | 0 |
| Prosjekt 701604 | Maskiner til vegdrift | 0 | 800 000 | 800 000 | 0 |
| Prosjekt 701606 | Torvmyrvegen, samarbeid med Ørsta | 0 | 250 000 | 250 000 | 0 |
| Prosjekt 701607 | Trafikktrygging og parkering Oppigarden og Sollia barnehagar (rto) | 1 511 714 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 721400 | Nødnett (RIH) | 4 775 | 556 831 | 0 | 138 843 |
| Prosjekt 721600 | Brann kjøretøy | 370 345 | 400 000 | 400 000 | 0 |
| Sum: 50 Teknisk | | 102 455 364 | 279 120 050 | 239 633 000 | 36 695 271 |
| Sektor Sjølvkostnader: | | | | | |
| Prosjekt 700905 | Bustadfelt Bratteberg | 0 | 0 | 0 | 68 014 |
| Prosjekt 700908 | Industriareal Furene | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 700909 | Kommunal kloakk, hovudplan | 249 594 | 0 | 0 | 3 020 378 |
| Prosjekt 700910 | Kommunal kloakk, avløpsreinsing | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 700911 | Kommunal kloakk, avlaupsreinsing samla pott | 221 361 | 4 871 875 | 0 | 550 |
| Prosjekt 700913 | Driftsentral VA, edb-program og varsling | 0 | 83 368 | 0 | 0 |
| Prosjekt 700925 | Volda Vassverk, grunnvassboring Vassbotnen | 0 | 142 259 | 0 | 0 |
| Prosjekt 700926 | Lauvstad Vassverk, ombygging Vassverk, fornying asbest-sementleidningar | 0 | 162 500 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701101 | (aaa) Hovudplan vatn (leidningsnett, behandling, reinsing) | 36 749 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701201 | Dravlausbygda vassverk ny inntaksledning | 3 712 617 | 9 380 121 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701201A | (aaa) | 114 730 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701201B | 7 tons gravemaskin for VA (rt) | 969 835 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701201C | ATV med belter for tilkomst vassverk (rt) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701201D | Vassledning Porsemyrvegen - Kårstadvegen (rt) | 1 008 362 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701201E | Naudstraumaggregat til vassverk (rt) | 6 258 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701215 | Sunndal - Gjersdal | 10 050 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701302 | Kjøretøy (utskifting av 1993-modell) | 0 | 0 | 0 | 193 267 |
| Prosjekt 701305 | Hjærtåbygda, behandlingsanlegg vatn (aaa) | 576 133 | 0 | 0 | 26 579 |
| Prosjekt 701400 | Vikeneset og Mork Silanlegg (AAAS) | 545 645 | 8 365 593 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701401 | Utbygging bustadfelt K 10, Klepp | 343 260 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701406 | Lerkane - Storgata, veg og rundkøyning | 0 | 0 | 0 | 677 654 |
| Prosjekt 701409 | VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen (rt) | 0 | -310 779 | 0 | 2 304 317 |
| Prosjekt 701513 | Spylevogn/spylehengar(AAA) | 0 | 42 300 | 0 | 419 400 |
| Prosjekt 701515 | Traktor (2015) (rto) | 0 | 400 000 | 0 | 0 |
| Prosjekt 701605 | Avløp samleinvestering | 117 260 | 5 000 000 | 5 000 000 | 0 |
| Prosjekt 721601 | Kjøretøy feiing | 216 516 | 400 000 | 400 000 | 0 |
| Sum: 51 Sjølvkostnader | | 8 128 369 | 28 537 236 | 5 400 000 | 6 710 159 |
| Sektor Utvikling: | | | | | |
| Prosjekt 120902 | Volda skisenter, grunnkjøp m.m. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 710900 | Program GIS (jv) | 0 | 380 553 | 0 | 176 363 |
| Prosjekt 711000 | Digitalt kartleggingsprosjekt (lke) | 8 750 | 477 643 | 175 000 | 6 976 |
| Prosjekt 711001 | Matrikkelprosjektet (jv) | 0 | 0 | 0 | 12 898 |
| Prosjekt 711200 | Merking og gradering av turløyper i Volda kommune (jv) | 8 629 | 0 | 0 | 0 |
| Prosjekt 711301 | Modul for eigedomsskatt (jv) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum: 60 Utvikling | | 17 379 | 858 196 | 175 000 | 196 236 |
| Sektor Barneverntenesta (vertskommune): | | | | | |
| Prosjekt 471500 | Volda rådhus - Inventar Barnevern | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum: 70 Barneverntenesta (vertskommune) | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum fordelt | | 118 225 139 | 321 798 929 | 248 963 000 | 46 488 129 |



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2016/445

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

MÅNADSRAPPORT SEPTEMBER 2016

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapport for september 2016 vert teken til vitende

1 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue utgjer det som vert kalla kommunen sine frie inntekter:

| Frie inntekter | Opphavleg budsjett | Justert budsjett |
|---------------------------|--------------------|--------------------|
| Rammetilskott | 244 498 000 | 249 693 000 |
| Skatteinntekter | 212 524 000 | 208 643 000 |
| Sum frie inntekter | 457 022 000 | 458 336 000 |

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune har skatteinntekter på 168,09 mill kr ved utgangen av

september, og er ca. 2.837.000 kr mindre enn det budsjetterte beløpet for same periode. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 458,3 mill kr. i 2016. Regjeringa kom med ny prognose for skatteinntektene på landsbasis ved framlegging av Statsbudsjett den 6.oktober. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 462,9 mill kr ved årets slutt for Volda kommune (ca. 4,6 mill meir enn opphavleg budsjettert).

Eigedomsskatt

Det vart budsjettert med 16 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Ved korrigering av budsjett 1.halvår 2016 vart dette auka til 17 mill kr.

Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2016:

| Generelle statstilskot | Budsjett 2016 | Prognose |
|-------------------------------|-------------------|-------------------|
| Integreringstilskott | 25 825 000 | 28 968 500 |
| Gr.97/investering i skulebygg | 1 311 082 | 1 132 002 |
| Omsorg | 3 144 829 | 2 962 786 |
| Kyrkjebygg | 65 309 | 50 890 |
| Sum | 30 346 220 | 33 115 178 |

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 3.143.500,- større enn opphavleg budsjettert.

Prognosen viser at dei generelle statstilskott er samla ca. 2,76 mill. kr meir enn budsjettert.

Innvandrarkontoret har laga denne prognosen for 2016:

| Busetjingsår | Sats | Tal flyktningar | Budsjett 2016 | Prognose |
|----------------------------|---------|-----------------|---------------|------------|
| År 1 (2016) | 234 000 | 24 | | 5 616 000 |
| År 1 (2016) | 184 000 | 16 | | 2 944 000 |
| År 2 (2015) | 220 000 | 49 | | 10 780 000 |
| År 3 (2014) | 160 000 | 35 | | 5 600 000 |
| År 4 (2013) | 83 400 | 24 | | 2 001 600 |
| År 5 (2012) | 70 000 | 24 | | 1 680 000 |
| Familiesameinte 2016 | 184 000 | 1 | | 184 000 |
| Alternativ mottaksplassert | | 1 | | 162 900 |
| Ekstratilskot IT 2016 | 50 000 | | | - |
| SUM | | 172 | 25 825 000 | 28 968 500 |

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2016:

| | Budsjett 2016 |
|-------------------------------|-------------------|
| Renteutgifter (inkl startlån) | 18 073 000 |
| Avdrag | 21 500 000 |
| Sum finansutgifter | 39 573 000 |

Renteutgifter

Det er budsjettert med kr 17.273.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg).

Prognose viser at renteutgiftene er ca. kr. 200.000,- mindre enn budsjettert. Det er budsjettert med låneopptak på ca. 204 mill kr. Låneopptaket av dei resterande 54 mill. kr. vert ikkje gjennomført før i 2017.

Minimumsavdrag

Minimumsavdraget for 2016 vart redusert frå 25 mill. kr til 21,5 mill. kr av kommunestyret i juni (korrigering av budsjett for 1.halvår 2016).

Finansinntekter

| | 2016 |
|--------------------------------|------------------|
| Renteinntekter formidlingslån | 600 000 |
| Ordinære renteinntekter | 1 500 000 |
| Utbytte Tussa | 3 000 000 |
| Verdiauke obligasjonsfond m.m. | 1 500 000 |
| Sum | 6 600 000 |

Renteinntekter

16 juni vart det gjennomført 150 mill av det vedtekene låneopptaket på over 200 mill kr. 100 mill. kr. av låneopptaket er førebels plassert på høgrentekonto.

Renteinntektene vil, ved slutten av året, være over 1 mill. kr. meir enn det budsjetterte beløpet.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av juni hadde plasseringane ein samla marknadsverdi på kr. 58.138.000, og er ei auke på kr. 1.528.000 hittil i år.

Utbytte Tussa

Volda kommune får utbytte på kr. 6.464 per aksje. Dette utgjer kr. 3.128.760 og er kr. 128.760 meir enn opphavleg budsjettet.

2 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av september. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

| Tekst | Rekneskap 2016 | Periodisert revidert budsjett 2016 | Opprinneleg budsjett 2016 | Rekneskap 2015 |
|---|--------------------|------------------------------------|---------------------------|--------------------|
| Rådmann | 1 383 050 | 1 206 222 | 1 660 059 | 1 325 709 |
| Samfunn og rådgjeving | 930 098 | 1 071 156 | 1 480 272 | 1 106 854 |
| Personal og løn | 4 326 352 | 4 736 291 | 6 535 879 | 4 390 199 |
| IKT | 3 735 870 | 3 788 046 | 5 121 646 | 3 557 209 |
| Innvandring | -4 110 674 | 818 816 | 1 105 927 | -3 851 993 |
| Personal og organisasjon | 3 951 548 | 9 343 154 | 12 763 452 | 4 095 415 |
| Økonomi | 4 742 460 | 4 902 343 | 6 753 769 | 4 829 806 |
| NAV Kommune | 6 856 346 | 6 118 647 | 8 158 196 | 6 441 845 |
| Stab opplæring og oppvekst | 19 423 772 | 13 429 501 | 18 745 285 | 26 320 029 |
| Helsestasjon | 4 457 331 | 4 353 511 | 5 997 443 | 3 234 038 |
| Barnehage | 24 132 352 | 26 459 566 | 36 452 709 | 21 163 070 |
| Grunnskule med SFO | 79 633 355 | 81 029 022 | 110 012 753 | 75 331 694 |
| Kulturskule | 2 706 036 | 2 636 253 | 3 256 121 | 2 478 326 |
| Volda læringscenter | 17 899 583 | 16 605 220 | 22 561 715 | 12 539 575 |
| Opplæring og oppvekst | 148 252 429 | 144 513 072 | 197 026 026 | 141 066 732 |
| Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester) | 12 659 938 | 13 621 633 | 7 424 309 | 7 607 808 |
| Sjukeheim 2. etasje | 20 686 845 | 19 751 123 | 27 157 396 | 20 358 123 |
| Sjukeheim 3. etasje | 18 476 377 | 17 591 019 | 24 175 825 | 17 299 255 |
| Heimetenester | 13 038 050 | 12 894 270 | 17 751 537 | 12 203 944 |
| Heimetenester omsorgsbustader | 24 623 931 | 23 973 961 | 32 964 008 | 24 748 885 |
| Rus og psykisk helseteneste | 12 715 607 | 11 064 729 | 15 266 006 | 11 464 902 |
| Tenesta for funksjonshemma | 9 826 557 | 7 934 053 | 11 001 316 | 8 324 735 |
| Butenesta for funksjonshemma | 22 110 832 | 22 796 615 | 31 345 201 | 21 881 472 |
| Førebygging, rehabilitering og legeteneste | 13 096 984 | 11 063 089 | 15 131 513 | 9 800 740 |
| Helse og omsorg | 147 235 122 | 140 690 493 | 182 217 111 | 133 689 864 |
| Kultur | 2 553 547 | 3 775 699 | 5 162 953 | 3 162 663 |
| Servicekontor | 3 806 584 | 3 979 726 | 5 441 764 | 3 724 405 |
| Service og kultur | 6 360 131 | 7 755 424 | 10 604 717 | 6 887 069 |
| Politisk verksemd | 2 080 588 | 2 012 489 | 2 695 392 | 2 017 162 |
| Drift og anlegg | 11 135 923 | 8 781 530 | 9 943 106 | 9 205 260 |
| Brann | 5 701 054 | 5 764 166 | 7 306 154 | 4 466 505 |
| Eigedom | 8 214 701 | 10 227 036 | 13 914 169 | 8 059 654 |
| Teknisk | 25 051 678 | 24 772 732 | 31 163 429 | 21 731 419 |
| Sjølvcosttenester | 101 837 | -411 225 | 0 | 607 636 |
| Plan | 1 766 622 | 2 428 847 | 3 324 205 | 1 414 796 |
| Landbruk | 896 688 | 984 863 | 1 313 151 | 877 752 |

| | | | | |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Kart, oppmåling og byggesak | 1 426 919 | 933 374 | 1 371 774 | 1 067 028 |
| Utvikling | 4 090 229 | 4 347 085 | 6 009 130 | 3 359 576 |
| Barnevern | 17 064 370 | 12 775 836 | 18 539 580 | 15 124 879 |
| SUM SEKTORANE | 368 099 887 | 359 097 428 | 479 071 133 | 342 283 966 |
| Felles utgifter og inntekter | 1 095 061 | -2 993 548 | -2 688 230 | 549 938 |
| Sum inkludert felles utgifter og inntekter | 369 194 948 | 356 103 880 | 476 382 903 | 342 833 904 |
| Finansområdet, statstilskott, frie inntekter | -395 078 644 | -382 943 759 | -476 382 903 | -371 373 879 |
| Sum heile kommunen | -25 883 696 | -26 839 878 | 0 | -28 539 975 |

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av september.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av september.
- Kolonne 3 viser budsjettet for heile året (2016).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2015.

Sektorane har ved utgangen av august eit forbruk på kr. **368.099.887** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **359.097.428** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 10 mill. kroner over budsjettet forbruk ved utgangen av september. Dette har i all hovudsak periodisering som forklaring. Vi har mellom anna utbetaling av tilskott til private barnehager, som tilhøyrrer fjerde kvartal (oktober), men som ble utbetalt og bokført i september.

Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag **13.000.000** kroner meir enn budsjettet ved utgangen av september.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av august har ei netto inntekt på kr. **25.883.696,-**. Dette er omlag 1 mill kr mindre enn budsjettet for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

Personal og organisasjon

Sektoren ventar ikkje negativt avvik ved slutten av året.

IKT vil få eit avvik pga større utgifter på lisensar enn budsjettet, men dette dekkast av inneværande budsjett.

Innvandring ligg inne med stor mindreforbruk, men mykje skal ut til avdelingane.

Økonomistaben

Staben ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Opplæring og oppvekst

Basert på månadsrapporten for september 2016, reknar Opplæring og oppvekst med eit mindreforbruk på kr 1.500.000,- ved utgangen av året.

På nær det meste av tilskot til dei private barnehagane er utbetalt pr 30.09.16. I månadsrapporten er det ikkje teke høgde for i periodiseringa, og sektoren kjem av den grunn difor ut med eit meirforbruk i rapporten.

Sektoren har større utgifter enn budsjettert på styrka tiltak i barnehagane. Auka kompetanse i å avdekke vanskar tidleg kan vere medverkande til dette, samt auka fokus på tidleg innsats.

Grunna nedlegging av Bjørkedal nærskule, må drifta ved Folkestad skule aukast hausten 2016. Auken i drifta her vert å dekke innanfor sektoren si tildelte ramme.

Det venta mindreforbruket skuldast hovudsakleg større inntekter enn budsjettert.

Helse og omsorg

Forbruket ved utgangen av september er ca. 6,5 mill kr meir enn periodisert budsjett. Sektoren burde hatt eit forbruk mindre enn periodisert budsjett, ettersom det er vedtekne tiltak på driftsbudsjettet for 2016 som enno ikkje er sett i verk. Sektoren reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

"Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr.30.sept.

| Tenesteområde | Meirforbruk | Mindreforbruk |
|---|--------------------|----------------------|
| <i>Stab og service</i> | | 1.945.000,- |
| <i>Institusjonsteneste 2.etg</i> | 935.000,- | |
| <i>Institusjonsteneste 3.etg</i> | 885.000,- | |
| <i>Sentralkjøkken</i> | 983.000,- | |
| <i>Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd</i> | 145.000,- | |
| <i>Heimetenester, omsorgsbustader</i> | 650.000,- | |
| <i>Rus- og psykisk helseteneste</i> | 1.651.000,- | |
| <i>Hamna Dagsenter</i> | 875.000,- | |
| <i>Avlastingsteneste barn og unge</i> | 1.018.000,- | |
| <i>Buteneste for funksjonshemma</i> | | 686.000,- |
| <i>Førebygging, rehabilitering og legeteneste</i> | 2.033.000,- | |
| <i>Samla</i> | 9.175.000,- | 2.631.000,- |
| <i>Differanse</i> | 6.544.000,- | |

Mange av tenestene har forventta inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav pr 9 mnd er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.

| | |
|----------------------|------------|
| Tenesteområde | SUM |
|----------------------|------------|

| | |
|--|-------------|
| <i>Felles kommuneoverlege:</i> | 562.000,- |
| <i>Førebygging, rehab, legeten.</i> | 2.246.000,- |
| <i>Hamna Dagsenter</i> | 724.000,- |
| <i>Styrk</i> | 385.000,- |
| <i>Butenesta for funksjonshemma</i> | 720.000,- |
| <i>Tilskot ressurskrevjande tenester</i> | |
| <i>Samla</i> | 4.637.000,- |

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Stab og service: Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Grunnen til mindreforbruket er av rekneskapsmessig art. Variabel løn for desember 2015 vert belasta jan.2016. For at dette skal verte korrekt, er tilsvarande beløp ført som inntekt. Tidleg på året vil effekten av dette vere stor, men jamnar seg til fleire månader som går.
- Institusjonsteneste: 2 etg: Forsatt uro og behov for skjerming, som på ettermiddag og D- vakt i helgane ofte medfører innleige av ein ekstra person. Det har og vore såpass utagerande uro på natt at ein har funne det uforsvarleg ikkje styrke natta med ein person. I 3 etg har det vore jamn ekstrainnleige på ein ressurskrevjande person, stundom ekstrainnleige pga avlasting i ekstrarom og terminalfase for pasient. Det har utløyst overtid pga manglande fagdekning ved sjukdom. Ei bugruppe har vore særleg tung ei lang periode då 8 av 9 har hatt behov for mating. Tidleg sommar ekstra på natt pga uroleg pasient.
- Sentralkjøkkenet: Nær 200.000,- av meirforbruket kjem av uforutsette reparasjonsutgifter på produksjonsutstyr og ca. 600.000,- på inntekter som ikkje er ajourførte.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: ca. 400.000,- vart gitt i tilskot frå helsedir. for tilrettelegging av fleire dagaktivitetsplassar for heimebuande demente. Ein del av desse midlane har vorte brukte. Driftsmessig har heimetenestene hatt eit godt og stabilt år så langt. Verknaden av at dei fekk overført 75% stilling frå Mork tidlegare i år, inkl. lønsutgifter utan at løn er overført, samt ei utbetaling på 220.000,- på ferievikar siste månad, har gjort at dei samla no har eit lite meirforbruk.
- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Eininga har gått frå mindreforbruk fram til august, då det vart eit lite meirforbruk. Dette meirforbruket har vorte større i september. I stor grad skyldast dette at nesten 60% av totalt ferievikarutbudsjett på 1,6 mill vart utbetalt i september(ein kommentar som forøvrig også gjeld dei andre døgnbemanna tilboda våre). Under innføring av nytt sjukesignalanlegg vart det ekstrainnleige av nattevakt nesten ein månad på Fjordsyn. Dette genererte også noko forskyving og overtidsbruk.
- Rus- og psykisk helseteneste: Meirforbruket redusert 340.000,- frå august til september, skyldast utbetaling av eit statstilskot for rusarbeid..Truleg vil tenesta få inn meir inntekter enn det som er fort tabellen på side 1 for Styrk. Det døgnbemanna tilbodet yter i tillegg til dei 13 kommunale omsorgsbustadane, hjelp til 8 andre personar.
- Hamna Dagsenter: Korrigerert refusjon frå Ørsta ville nesten gitt balanse.
- Avlastingsteneste for barn og unge. Oppstart barnebustad nr. 2 frå 01.08.2016. Denne har gitt oss høgare utgifter enn venta, ein auke på ca. 10 døgn bemanning pr. mnd. I tillegg er det 13 brukarar, der 7 av desse har behov for 1:1 bemanning. Denne eininga vil ikkje vere i balanse ved årsslutt.
- Buteneste for funksjonshemma: Vart styrka til 2016 og har totalt eit mindreforbruk. Har gjennom året fått to nye brukarar og tre andre som pga somatisk sjukdom har eit auka omsorgsbehov. Treng fleire vikarar, innleige har for ofte fort til unodig dyre løysingar.

- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattlegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. I tabell to viser ein manglande refusjonar på to av områda i denne eininga. Dette gir samla eit anna bilete av stoda så langt

I den periodiserte framstillinga av sektoren viser tala no meirforbruk på nesten alle område, noko som har skjedd frå etter sommaren. Utslaget av ikkje ajourførte inntekter vert større til lenger ut i året ein kjem, likeeins har ferievikarutgifter hatt ein topp no i august og september, men vil flate ut utover hausten. Ein stor inntektspost, ressurskrevjande tenester, er ikkje bokført med inntekter. Om resultatet av dette oppgjeret vert som forventa, meiner vi å vere i balanse ved årsslutt. "

Service og kultur

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Teknisk

Totalt sett ser det ut til at Teknisk sektor vil kome ut på revidert budsjett ved årslutt.

Utvikling

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Barnevernstenesta

Slik stoda er no i tenesta/talet på barn med tiltak, ligg ein innafor budsjetttramma.

NAV

Det vert meldt eit samla meirforbruk på ca. kr. 350.000,- ved utgangen av september. Dette skuldast auke i utbetaling av sosialhjelp, dette særleg for framandspråklege (ikkje berre personar med flyktningstatus)/ikkje etnisk norske. Vi har i tillegg hatt store utgifter til midlertidig bustad til bustadlaus som manglar permanent bustad. Ein pressa bustadmarknad med generelt høge bustadprisar er elles også kostnadsdrivande.

Alle saker vert gått gjennom. Vi ser etter mogelegheiter for arbeid og aktivitet (stiller krav om dette i dei sakene vi kan), samt etter alternative inntektsformer (løn, tiltakspengar, andre statlege ytingar, KVP). Ein del av brukarane vert oppmoda om å finne seg rimelegare bustader.

Meirforbruket vert truleg over 0,5 mill.kr ved utgangen av året.

Fellesområdet

Det er budsjettert med ca 13,7 mill kr i årets premieavvik for 2016. Dette vert ført som ei inntekt i året det oppstår. KLP si prognose utarbeidd i september indikerer at premieavviket vert ca 10 mill kr mindre enn budsjettert. Prognosen for innbetaling er også ca. 10 mill kr mindre enn budsjettert, så det vert samla sett ingen forventa resultat effekt. Ein kjem tilbake til dette ved korrigering av budsjett for 2. halvår 2016.

3 OPPSUMMERING

Her er ei kort oppsummering av driftssida ved utgangen av september:

Frie inntekter

Regjeringa kom med ny prognose 6.oktober (i samband med framlegg til statsbudsjett for 2017). Prognosen er nå 462,9 mill. kr.

Generelle statstilskot

Prognosen for generelle statstilskott viser ca. 2,75 mill. kr. meir enn det som var opphavleg budsjettert.

Eigedomsskatt

Det vart budsjettert med 16 mill. kr i inntekt frå eigedomsskatt. Ved korrigering av budsjett 1.halvår 2016 vart dette auka til 17 mill. kr.

Finans

Renteprognosen for renteutgifter er ca. kr. 200.000,- mindre enn opphavelig budsjettert. Minimumsavdraget for 2016 vart redusert frå 25 mill. kr til 21,5 mill. kr av kommunestyret i juni (korrigering av budsjett for 1.halvår 2016).

Renteinntektene viser seg til å være ca. 1 mill. kr. meir enn det budsjetterte beløpet ved årets slutt.

Sektorane

Teknisk samt Opplæring og oppvekst fekk auka sine budsjetttrammer ved korrigering av budsjett for 1.halvår 2016. En forventar dermed ikkje noko negativt avvik ved slutten av året. Sektoren Opplæring og oppvekst har, ved utgangen av september, eit mindreforbruk på ca. 1,5 mill. kr.

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Alle stabar og sektorar

Klageinstans: